

SANDØY KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

29.08.2014

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

onsdag 03.09.2014 kl. 14.30 på Sandøy Rådhus

SAKLISTE:

- Sak 07/14 - Godkjenning av møtebok frå 11. juni 2014
- « 08/14 - Utgreiing om samanslåing av revisjonsdistrikt
- « 09/14 - Innstillingsrett rådmann eller kontrollutval
- « 10/14 - Vedkomande budsjett 2015 – Sandøy kontrollutval
- « 11/14 - Overtidsbetaling til rådmannen
- « 12/14 - Engasjementsbrev frå revisor
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Helge Ervik
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SANDØY KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 11. juni 2014, kl. 14.30
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av Helge Ervik

Elles til stades:
Anne Iversen, Ann Helen Harnes og 2. varamedlem Terje Slåtten

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:
Dagleg leiar, Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:
Dagleg leiar, Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei

Frå Sandøy kommune møtte:
Ordførar Hans Endre Sæterøy i sakene 01/14, 02/14, 03/14, 04/14 og 05/14. Rådmann Ann-Heidi Paulsen Orvik var tilstades i heile møtet.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 01/14
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 26. SEPTEMBER 2013**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 26. september 2013 blir godkjent.

**SAK 02/14
ÅRSMELDING 2013 – SANDØY KOMMUNE**

Saksdokument datert 04.06.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2013 for Sandøy kommune til orientering.

SAK 03/14**KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – SANDØY KOMMUNE**

Saksdokument datert 04.06.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Sandøy kommune sin rekneskap for 2013 blir godkjent.
2. Innan enkelte ansvarsområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet viser til kommunelova § 46, nr. 3 om at årsbudsjettet skal vere realistisk og § 47 om budsjettet sin bindande verknad.
3. Det blir vidare vist til innrapportert svikt i den interne kontrollen innan eining for kultur i 2013.

SAK 04/14**GJENNOMFØRING AV KOMMUNESTYREVEDTAK RELATERT TIL KULTURSKOLEN, B - SAK**

Saksdokument datert 04.06.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.
Orientering gitt av rådmannen i møtet.

Kommunestyrevedtaket er berre delvis gjennomført.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til at det er rådmannen si oppgåve å sette kommunestyret sine vedtak ut i livet.
2. Kontrollutvalet avventar ny rapportering etter sommarferien.

SAK 05/14**UTTALAR FRÅ RÅDMANNEN I BUDSJETTSAKA FOR 2014**

Saksdokument datert 04.06.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Rådmannen beklaga sine uttalar om leiar i kontrollutvalet i budsjettsaka for 2014.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 06/14

OPPFØLGING AV KONTROLLUTVALSAK 13/13, B - SAK

Saksdokument datert 04.06.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Saka blir innrapportert til kommunestyret.
2. Kontrollutvalet meiner forhandlingsprotokollen skulle ha blitt førelagt kommunestyret til behandling.
3. På bakgrunn av formalitetar i forhold til tida som har gått, vil ikkje kontrollutvalet legge fram ei tilråding til kommunestyret om å få reversert avtalen.

Helge Ervik
leiar
(sign.)

Anne Iversen
nestleiar
(sign.)

Ann Helen Harnes
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 29.08.2014

SAK 08/14
UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT -
ORIENTERINGSK

Som vedlegg følger:

- Notat frå interimsgruppa – Kommunal revisjon i Møre og Romsdal

Det blir vist til vedlagte notat. Dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen vil gi ei nærare orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**Kommunal revisjon i
Møre og Romsdal**

30. august 2013

Møre og Romsdal – kommunal revisjon

Ønske om å få etablert et interkommunalt samarbeid om revisjon for alle kommuner og fylkeskommunen i Møre og Romsdal har flere ganger vært oppe til vurdering.

Høsten 2012 ble en invitasjon til samarbeid sendt fra styret i Kommunerevisjonsdistrikt II til kontrollutvalget i Møre og Romsdal Fylkeskommune. Denne invitasjonen ble behandlet i kontrollutvalget og deretter i fylkestinget. Det ble her vedtatt å utrede alle sider ved et samarbeid med Kommunerevisjonsdistrikt II, i tillegg ble det åpnet for at andre kommuner i fylket kan bli med i utredningsarbeidet. Fylkestinget vedtok også at utredningen skal legges fram for fylkestinget før eventuelle forhandlinger om etablering av en felles revisjonsenhet.

Etter positivt vedtak i fylkestinget har interessentene i samarbeidet satt ned en interimsarbeidsgruppe med deltagere fra kontrollutvalgene og fra revisjonsenhetene. Interimsarbeidsgruppen har sendt invitasjon til alle kommuner v/kontrollutvalgssekretariatet og revisjonsdistrikt i fylket, og invitert dem til å delta i arbeidet. Etter denne invitasjonen er det foreløpig Distriktsrevisjon Nordmøre IKS som har meldt sin interesse for å delta i utredningen, og derved er blitt med i interimsarbeidsgruppa.


Interimsarbeidsgruppa har nå følgende deltagere:

Navn	Rolle	Fra
Ingvild Bye Fugelsøy	Revisor/tillitsvalgt	Distriktsrevisjon Nordmøre IKS
Anny Sønderland	Revisor/tillitsvalgt	Kommunerevisjonsdistrikt II
Ronny Rishaug	Revisor/tillitsvalgt	Fylkesrevisjonen
Åse Eriksen	Sekretær	Kontrollutvalgene i Romsdal
Harald Svendsen	Sekretær	Kontrollutvalgene på Nordmøre
Hans Blø	Sekretær	Kontrollutvalget i fylkeskommunen
Sigmund Harneshaug	Revisjonssjef	Kommunerevisjonsdistrikt II
Finn Å. Ødegård	Revisjonssjef	Fylkesrevisjonen
Bjarne Dyrnes	Revisjonssjef	Distriktsrevisjon Nordmøre IKS

Interimsarbeidsgruppa mener utredningsarbeidet må ha en forankring hos alle deltagere og foreslår at det etableres en styringsgruppe som leder dette arbeidet. De som ønsker å delta i utredningen inviteres til et møte i representativt organ hvor styringsgruppen velges, og hvor mandatet for utredningen blir fastlagt.

Interimsarbeidsgruppen legger i dette notatet fram forslag til mandat, organisering og framdriftsplan for utredningen.

Prosesskart



Mandatet for utredningen

Alle kommunene som er invitert med i utredningen er godt fornøyd med sine revisjonsenheter i dag. Det er derfor framtidens utfordringer og hvordan disse skal møtes som er grunnlaget for utredningen. Arbeidsmarkedet er stramt i vår region, og det har vært utfordringer med rekruttering av revisorer ved enkelte anledninger. Kommunal revisjon vil også av enkelte arbeidssøkere kunne oppleves som en nisje i markedet, noe som kan gi større utfordringer på området i framtiden. En større revisjonsenhet gir større fagmiljø og kan bidra til breiere og bedre rekruttering. Utredningen bør derfor ha som fokus hvordan en kan bidra til å beholde og rekruttere kompetansen kommunene har behov for i framtida.

Trenden i revisjonsbransjen er større enheter, noe som også reflekterer samfunnsutviklingen innen kommunesektoren. Samhandlingsreformen er et eksempel som stiller nye krav til kompetanse for både kommunene selv og kommunens revisor. Bli det færre og større kommuner i fremtiden er det med på å forsterke behovet for større revisjonsenheter.

Vi foreslår at utredningen blir gjennomført etter følgende mandat:

Utredningen skal innledningsvis beskrive revisjonens oppgaver, lovmessig grunnlag og intensjoner for den kommunale revisjonsordningen, herunder avgrensning i forhold til rådmannens ansvar for internkontroll og tilsynsmyndighetenes virkefelt.

Utredningen skal beskrive hvilke krav og målsettinger som er relevant å stille til en framtidig interkommunal revisjonsordning. Videre skal den belyse fordeler og ulemper med en

sammenslåing av revisjonsenhetene sammenholdt med dagens ordninger, herunder i hvilken grad en sammenslåing av enhetene kan bidra til økt kompetanse, høyere kvalitet på revisjonstjenestene, høyere produktivitet eller andre fordeler. Dagens kompetansebeholdning i revisjonsenhetene må også kartlegges.

Alternative organisasjonsmodeller og samarbeidsordninger skal være en del av utredningen. Her skal det belyses hva slags bindinger og forpliktelser en eventuell endring av revisjonsordningen vil innebære for kommunene, herunder muligheten for framtidig utreden av ordningen. Ansattes rettigheter og forpliktelser belyses i utredningen.

Det skal belyses hvordan eierkommunene kan utøve eierstyring dersom revisjonen organiseres som et interkommunalt selskap(IKS).

Utredningen skal også kort beskrive forholdet mellom revisjonsenheten og sekretariatet for kontrollutvalgene.

Organisering av utredningsarbeidet

Det har vært gjennomført flere utredninger om kommunal revisjon i Norge de siste årene. Vi har sett på organisering av en tilsvarende utredning på Romerike som førte frem til et felles revisjonsselskap for kommunene der. Vi foreslår i hovedsak å bruke den samme organisering av vår utredning.

Som nevnt innledningsvis foreslår vi at det etableres en styringsgruppe som leder utredningsarbeidet.

Vi har i dag to revisjonsselskap og fylkesrevisjonen som har meldt sin interesse for å delta i utredningsarbeidet. Styringsgruppen kan bli veldig stor dersom alle aktuelle kommuner og fylkeskommunen skal være representert. Vi foreslår derfor at det blir ett medlem fra ett av kontrollutvalgene som tilhørere hver revisjonsenhet i styringsgruppen, til sammen blir det da 3 medlemmer pr dato. For å ha en sterkest mulig forankring politisk mener vi at det er kontrollutvalgsledere som fortrinnsvis må velges til dette. Et alternativ kan være å velge leder av representantskapet eller styret for revisjonsenheten, noe som gir en god forankring mot dagens revisjonsenhet på overordnet nivå. I tillegg mener vi det må være en representant fra de ansatte i styringsgruppen, denne velges av de ansatte.

Vi foreslår også at det settes ned en arbeidsgruppe som skal gjennomføre utredningen.

I arbeidsgruppen foreslår vi at revisjonssjefene i aktuelle enheter deltar, samt at de ansatte får velge en representant. Prosessen involverer svært mange kommuner og flere revisjonsenheter så vi anbefaler også at det vurderes å ta inn en ekstern utredningsleder som kan lede prosjektet.

Dersom flere revisjonsdistrikt/kommuner ønsker å delta i utredningen mener vi at det på samme måte som ovenfor, også da velges en kontrollutvalgsleder fra en av kommunen i det aktuelle revisjonsdistriktet inn i styringsgruppen.

Det bør også velges personlige varamedlem til alle deltagere i styringsgruppen.

Styringsgruppen og arbeidsgruppen kan selv velge sin organisering, men vi anbefaler at det velges en leder for hver av disse som har et særskilt ansvar for fremdriften i arbeidet.

Framdriftsplan

Vi ser mange fordeler med en effektiv framdrift på utredningen. Det er likevel svært mange kommuner involvert og arbeidet vil nødvendigvis ta tid.

Vi legger frem følgende forslag til overordnet framdriftsplan:

- Konstituerende møte med valg av styringsgruppe – innen 30.11.2013
- Utredning lagt frem av styringsgruppen – innen 30.04.2014
- Behandling i respektive kommunestyre/fylkesting – innen 30.06.2014
- Forhandlingsfase for etablering av ny revisjonsenhet – 1.7 til 31.12.14
- Eventuell etablering av ny revisjonsenhet – innen 30.6.2015

Det er mest praktisk å etablere en ny revisjonsenhet 1.7.2015 pga revisjonsarbeidet for regnskapsåret 2014 blir avsluttet i løpet av første halvår 2015.

De kommuner som ønsker å delta i arbeidet må avklare dette innen konstituerende møte i styringsgruppen.

Vi ser at utredningsarbeidet må delvis gjennomføres i årsoppgjøret som er den mest krevende tid for revisjonsenhetene, vi tror derfor det må beregnes såpass tid på dette.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 29.08.2014

**SAK 09/14
INNSTILLINGSRETT RÅDMANNEN – ELLER KONTROLLUTVALET**

Som vedlegg følger:

- Brev frå Kommunal- og regionaldepartementet av 07.10.2010

Med bakgrunn i kommunelova, kontrollutvalforskrifta og vedlagte dokument vil det bli gitt ei generell innføring om temaet i møtet.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Saka blir å oversende kommunestyret til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

NORDLAND FYLKESKOMMUNE
Sekretariat for kontrollutval

1 2 OKT 2010

Fylkesmannen i Østfold
Postboks 325

1502 MOSS

Deres ref
2010/82 322 GHJ

Vår ref
10/1056-3 ERA

Dato

7 OKT 2010

Tolkning av kommuneloven § 77 nr. 6 - Kontrollutvalgets rapportering til kommunestyret

Vi viser til brev m/vedlegg av 15. april 2010.

I brevet anmodes det om en uttalelse fra departementet om hvordan kommuneloven § 77 nr. 6 skal tolkes. Av brevet fremgår det at henvendelsen har sin bakgrunn i en konkret sak, hvor Fylkesmannen har besvart spørsmål som er reist av Østfold kontrollutvalgssekretariat. Departementet vil understreke at vårt brev ikke er ment å ta stilling til den konkrete saken som henvendelsen har sitt utspring i.

Departementet begrenser seg derfor til å gi generelle kommentarer til problemstillingen som Fylkesmannen har reist i sitt brev. Problemstillingen omhandler hvilke saker eller sakstyper kontrollutvalget har innstillingsrett i.

Kommuneloven § 77 nr. 6 lyder:

Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. Før en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse.

Det fremgår ikke av ordlyden hvorvidt kontrollutvalget har innstillingsrett i de saker hvor utvalget "rapportere[r] resultatene av sitt arbeid til kommunestyret". Spørsmålet om innstillingsrett synes heller ikke berørt i bestemmelsens forarbeider.

Fylkesmannen peker i sitt brev særlig på lovendringen i 2003 hvor kommuneloven § 60

ble flyttet til § 77 nr. 6, og samtidig ble gitt en noe annen utforming. (Gammel) § 60 nr. 8 annet punktum lød slik:

Kontrollutvalget legger rapportene fram for kommunestyret eller fylkestinget med merknader og forslag til vedtak

Før lovendringen i 2003 (i kraft juli 2004) fulgte det altså direkte av loven at kontrollutvalget skulle formulere forslag til vedtak (innstilling). Bestemmelsen var generelt utformet, og altså ikke begrenset til å gjelde utvalgte type rapporter. Spørsmålet blir da om lovendringen i 2003 innebar en tilsiktet realitetsendring i form av en begrensning av kontrollutvalgets innstillingsrett. Som nevnt er endringen ikke kommentert i lovforarbeidene. Departementet mener imidlertid at det ville ha vært naturlig å kommentere en eventuell realitetsendring i lovforarbeidene. Det har derfor formodningen mot seg at lovendringen innebar en tilsiktet lovendring. Departementet kan for øvrig ikke se at gjeldende lovs ordlyd taler imot at kontrollutvalget etter bestemmelsen har innstillingsrett.

Også bestemmelser i forskriften peker i retning av at loven § 77 nr. 6 hjemler innstillingsrett for kontrollutvalget. Forskriften § 10 fastsetter at kontrollutvalget skal utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, som skal vedtas av kommunestyret. I merknadene til denne bestemmelsen, jf. rundskriv H-15/04, heter det:

Etter innstilling fra kontrollutvalget skal kommunestyret/fylkestinget vedta plan for forvaltningsrevisjon


Merknadene til § 13 annet ledd (plan for gjennomføring av selskapskontroll) omtaler ikke på tilsvarende måte innstillingsspørsmålet. Etter departementets vurdering bør likevel forståelsen av § 10 også gjøres gjeldende for § 13 annet ledd. Det vises til at ordlyden i disse to forskriftsbestemmelsene er identisk når det gjelder utarbeidelse av plan. I forskriften finnes det videre bestemmelser som pålegger kontrollutvalget å avgi (§§ 11 og 15) eller gi (§ 12) rapport i forbindelse med forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Når det legges til grunn at det å "utarbeide plan" etter §§ 10 og 13 annet ledd er eksempler på oppgaver som innebærer rett til å innstille, synes også det å "gi eller avgi rapport" å være eksempler på det samme. Å formulere en innstilling synes nært knyttet opp mot det å "gi eller avgi en rapport".


Departementet antar etter dette at kommuneloven § 77 nr. 6 hjemler innstillingsrett for kontrollutvalget i saker hvor det rapporterer resultatene av sitt arbeid.

I saker hvor kontrollutvalget er gitt innstillingsrett, vil det ikke være anledning for andre – hverken administrasjonssjef eller folkevalgte organer – å avgi innstilling.

Kontrollutvalgets enerett til å avgi innstilling er nødvendigvis ikke til hinder for at saken i tillegg forelegges andre folkevalgte organer. Departementet presiserer at slik foreleggelse skal være et supplement til kontrollutvalgets saksforberedelse. Det er ikke adgang til å erstatte kontrollutvalgets saksforberedelse på denne måten. Dersom en slik fremgangsmåte velges må kontrollutvalgets innstilling og eventuelle vurderinger klart fremgå i saksdokumentene til kommunestyret.

Med hilsen


Sølve Monica Steffensen (e.f.)
avdelingsdirektør


Jan Morten Sundeid
seniorrådgiver

Kopi til:
Den norske Revisorforening
Forum for kontroll og tilsyn
Halden kommune
Norges Kommunerevisorforbund
Østfold kontrollutvalgssekretariat

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 29.08.2014

**SAK 10/14
VEDKOMANDE BUDSJETT 2015 - SANDØY KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Sandøy kontrollutval sine lokale utgifter. Disse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Sandøy kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

Når det gjeld tilsvarande budsjett for 2014 bør rådmannen greie for korleis tilsvarande kontrollutvalsak vart behandla i budsjettprosessen.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Budsjettet for kontrollutvalet si opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 30.000 kroner.

2. Rådmannen blir bedt om å gjere greie for korleis tilsvarende sak vart behandla i budsjettprosessen for 2014.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 29.08.2014

**SAK 12/14
ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISOR**

Som vedlegg følger:

- Brev frå kommunerevisjonen datert 14.08.2014

Det blir vist til vedlagte dokument som blir lagt fram utan nærare kommentarar.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår saksbehandler:

Vår dato:
14.08.2014
Deres dato:

Vår referanse:

Deres referanse:

Sandøy kontrollutvalg

ENGASJEMENTSBREV - SANDØY KOMMUNE

1. Innledning

Komrev3 IKS er gjennom egen selskapsavtale revisor for Sandøy kommune.

Revisjonen består av forvaltningsrevisjon og regnskapsrevisjon, og omfatter revisjonen av kommuneregnskapet (og foretaksregnskapene). Med utgangspunkt i de revisjonsbestemmelsene som gjelder for kommuner og fylkeskommuner, herunder standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet beskrive vår forståelse av revisjonsoppdraget, slik at kontrollutvalget får en oppfatning av rollefordeling og hva som kan forventes av oss.

De økonomiske forhold mellom revisjonen og kommunen går fram av selskapsavtalen.

2. Revisjonen – formål og innhold

Kommuneloven har blant annet følgende bestemmelser om revisjonen i § 78:

1. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal virksomhet skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.
2. Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er en rettslig standard. Innholdet i dette begrepet er normert av kommunelovens bestemmelser om revisjon, tilhørende forskrifter og etablerte og anerkjente standarder på området. Som medlem av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) er vi underlagt jevnlig eksterne kvalitetskontroller.

Revisor har plikt til løpende å foreta en vurdering av egen uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Ledelsenes ansvar

I henhold til kommuneloven er det kommunens administrasjonssjef som er ansvarlig for at kommunens interne administrative kontroll og økonomiforvaltning er ordnet på en betryggende måte og er gjenstand for betryggende kontroll. Det er også administrasjonssjefens ansvar å utarbeide og fremme kommunens årsberetning og avlegge årsregnskapet i samsvar med bestemmelsene i kommuneloven, forskrift om årsregnskap og årsberetning i kommuner og fylkeskommuner og god kommunal regnskapskikk.

Kommunens ledelse har også ansvaret for at vi som revisor har ubegrenset tilgang til registrerte opplysninger, dokumentasjon og annen informasjon vi finner nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontrakter, protokoller m.v. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelser og nødvendig veiledning.

Kommunestyret og kontrollutvalgets ansvar

Kommunestyret er kommunens øverste organ, og har det øverste tilsyn med den kommunale forvaltningen. Kommunestyret velger selv et kontrollutvalg til å forestå det løpende tilsyn med den kommunale forvaltning på sine vegne. Kontrollutvalget skal påse at kommunen og forvaltningen blir forsvarlig revidert. Kontrollutvalget bestiller forvaltningsrevisjoner basert på en overordnet risiko- og vesentlighetsanalyse.

Forvaltningsrevisjon

I henhold til forskrift om revisjon osv. § 7 innebærer forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,
- c) regelverket etterleves,
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standarder på området, og det skal etableres revisjonskriterier for det enkelte prosjekt.

Innenfor forvaltningsrevisjon av kommuner er det NKRF som er det standardsettende organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den enkelte forvaltningsrevisjon vil være beskrevet ved rapporteringen av den enkelte revisjon, slik at denne oppgaven ikke blir beskrevet ytterligere i dette brevet. Se for øvrig nærmere om rapportering under eget avsnitt.

Regnskapsrevisjon

Når det gjelder regnskapsrevisjon vil grunnlaget for vårt arbeid i mindre grad være omtalt ved avrapportering, slik at vi her bruker noe mer plass på å beskrive vårt arbeid og grunnlaget for dette.

Årsregnskapet og de aktuelle delene av årsberetningen

I regnskapsrevisjonen er vår hovedoppgave som revisor for kommunen å vurdere og avgi en uavhengig uttalelse (revisjonsberetning) om hvorvidt årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene stemmer med regulert beløp.

Vi kontrollerer også om opplysninger i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktiges ledelse har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Videre er det vår oppgave å vurdere om kommunen har ordnet den økonomiske internkontrollen på en betryggende måte og med forsvarlig kontroll.

Årsregnskapet skal iht. forskriften være avlagt av administrasjonssjefen innen 15. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Administrasjonssjefens ansvar omfatter også ansvar for at registrering, dokumentasjon og oppbevaring av regnskapsopplysninger er innrettet på en ordentlig og oversiktlig måte.

Revisjonens utførelse og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk innebærer blant annet at vi kontrollerer utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, foretar analytiske vurderinger og andre revisjonshandlinger som vi etter forholdene finner hensiktsmessige.

På grunn av en revisjons iboende begrensninger, sammen med den interne kontrollens iboende begrensninger, er det alltid risiko for at ikke all vesentlig feilinformasjon i regnskapet avdekkes, selv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Ved vår risikovurdering vurderer vi de interne kontrollene som er relevant for kommunens eller enhetens utarbeidelse av årsregnskapet med det formål å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for effektiviteten av enhetens interne kontroll.

Generelt vil en effektiv intern kontroll (kommunens egen) redusere risikoen for at misligheter og feil vil oppstå uten å bli avdekket, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil for en stor del være avhengig av kvaliteten på, og effektiviteten av kommunens interne kontroll, samt regnskaps- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftlig om eventuelle vesentlige mangler i den interne kontrollen som er relevante for revisjonen av årsregnskapet og som vi har identifisert under revisjonen, se nærmere om dette under avsnittet rapportering.

Registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i revisjonsberetningen, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon». Denne standarden krever at vi etterlever etiske krav, planlegger og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå betryggende sikkerhet for at det ikke er vesentlige formelle mangler knyttet til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger. Slike vurderinger innebærer gjennomføring av kontrollhandlinger for å innhente bevis om disse forholdene. De valgte kontrollhandlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for vesentlige mangler.

Ved vurderingen av ledelsens plikter med hensyn til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger, innhenter revisor informasjon om kommunens interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.

Andre uttalelser og kontrollhandlinger

Vår revisjon vil også omfatte de kontrollhandlinger som er nødvendige for å attestere følgeskriv til lønns- og trekkoppgavene og de terminvise krav etter den kommunale ordningen for momskompensasjon. Vi utfører også kontroll av tilskudd som er gitt for å finansiere særskilte oppgaver (særattestasjoner), der det er krav eller ønske om revisors attestasjon. Våre kontroller utføres i tråd med oppdragsgivers anvisninger og aktuell standard for attestasjonsoppdrag.

3. Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument hos kommunen og foreta de undersøkelser som revisor finner nødvendige for å gjennomføre oppgavene.

Både oppdragsansvarlig revisor og revisjonsmedarbeiderne har – med visse lovhjemlede unntak - taushetsplikt om alt de får kjennskap til under utførelsen av arbeidet. Dette følger av kommunelovens § 78, nr 7. Taushetsplikten gjelder ubegrenset i tid, også etter at oppdraget er avsluttet.

Taushetsplikten er dog ikke til hinder for at kontrollutvalget får den informasjon om resultater av revisjonen som er nødvendige.

4. Rapportering og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget utarbeides for hver valgperiode eller oftere dersom det er forhold som tilsier det. I tillegg utarbeides det brev i forbindelse med oppstart av den enkelte forvaltningsrevisjon og årlig i forbindelse med oppstart av regnskapsrevisjonen, dette sendes administrasjonen.

Kontrollutvalget skal sørge for at plan for forvaltningsrevisjon blir utarbeidet og innstille til kommunestyret, som vedtar planen. Forvaltningsrevisjoner rapporteres til kontrollutvalget i form av egne rapporter.

Regnskapsrevisjonens innhold avhenger av revisjonsstandarder, intern kontroll og revisors skjønn. Kontrollutvalgets oppgave er å påse at kommunen har en tilstrekkelig revisjon. For å sikre kontrollutvalget informasjon om regnskapsrevisjonen, vil det i tillegg til revisjonsberetningen redegjøres for status i arbeidet halvårlig.

Misligheter

Revisor skal iht forskriftens § 3, gjennom revisjonen bidra til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Konstateres det misligheter ved revisjon, eller på annen måte, skal revisor straks sende foreløpig innberetning til kontrollutvalget.

Når saksforholdet er nærmere klarlagt skal revisor sende endelig innberetning til kontrollutvalget. Revisor skal sende kopi av innberetningen til administrasjonssjefen.

Nummererte brev

Vi kan gjennom regnskapsrevisjonen finne forhold som ikke blir påpekt i revisjonsberetningen, men vi finner det nødvendig å påpeke i nummerert brev. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalget og rådmannen. Kontrollutvalget har et ansvar for å påse forhold som er påpekt av revisor blir fulgt opp.

I henhold til revisjonsforskriften § 4, 2 skal revisor påpeke følgende forhold i nummererte brev:

1. Mangler ved plikten til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.
2. Feil og mangler ved organiseringen av den økonomiske internkontrollen.
3. Misligheter.
4. Feil som kan medføre feilinformasjon i årsregnskapet.
5. Manglende redegjørelse for vesentlige avvik mellom beløpene i den revisjonspliktiges årsregnskap og regulert budsjett slik det fremstår etter gyldige vedtak/endringer fattet på riktig beslutningsnivå.
6. Begrunnelse for manglende underskrift ved bekreftelser overfor offentlige myndigheter som gis i henhold til lov eller forskrift.
7. Begrunnelse for å si fra seg oppdrag etter § 16.

Brev med påpekning av mindre vesentlige feil eller mangler vil bli sendt direkte til administrasjonen.

Uttalelser fra kommunens ledelse

I forbindelse med årsavslutningen vil vi i henhold til god kommunal revisjonsskikk innhente en skriftlig uttalelse fra ledelsen om fullstendigheten og riktigheten av de opplysninger som gis i årsregnskapet. På samme måte er vi pålagt å innhente skriftlige uttalelser fra ledelsen om kjennskap til eller mistanke om misligheter mv. Disse uttalelsene vil innhentes fra administrasjonen.

5. Andre tjenester

Vår organisasjon har medarbeidere med betydelig kompetanse og praksis innenfor mange fagområder. Dette gjør oss i stand til å yte kompetent veiledning til dere, og som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i et stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innenfor intern kontroll, merverdiavgift, regnskapsføring, budsjetter, lov og forskrifter osv., så langt det lar seg gjøre innenfor vår oppgave som revisor.

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalgets forståelse av revisors rolle og ansvarsområder.

Med hilsen



Kjetil Bjørnsen
daglig leder

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 29.08.2014

SAK 11/14
OVERTIDSBETALING TIL RÅDMANNEN

Som vedlegg følger:

- Medarbeidersamtaleprotokoll datert 27.05.2014
- Protokoll, forhandlingar leiaravtale 2013
- Tilsettingsbrev datert 10.05.2013
- Leiaravtalen

I ein protokoll for medarbeidersamtale (lønsprotokoll) datert 27.05.2014 blir det gitt kompensasjon til rådmannen på to månadsløner for meirarbeid i perioden 01.08.2013 til 01.05.2014.

Hovudtariffavtalen kapittel 1, § 6 omhandlar overtid, altså arbeid pålagt ut over den ordinære arbeidstida. Det går fram av § 6.3 at reglane om overtidsbetaling/ubekvem arbeidstid ikkje gjeld for arbeidstakarar som er omfatta av arbeidsmiljølova § 10-12 (arbeidstakarar i særleg uavhengig stilling) og/eller Hovudtariffavtalen kapittel 3 pkt. 3.4

Arbeidstakarar som er omfatta av arbeidsmiljølova § 10-12 (2) kan tildelast ei fast godtgjering for arbeid ut over ordinær arbeidstid.

Når det gjeld kompensasjon for møteverksemd eller anna særleg belastning er også dette nemnt i Hovudtariffavtalen. Arbeidstakar som har møteplikt i utval eller har andre særlege belastningar utanfor ordinær arbeidstid, men som verken har rett til overtidsbetaling eller møtgodtgjering på linje med ombudsmenn, kan tildelast inntil 10 fridagar, alternativt kan det avtalast med arbeidstakar at det takast ut tilsvarende antal daglønner.

Kontrollutvalsekretariatet er ikkje kjent med at det verken i Sandøy kommune eller i dei andre kommunane i distriktet har blitt innvilga slik godtgjersle og i eit slikt omfang som det her er snakk om.

Omfanget av overtida – 4 månader i ein periode på 9 månader er svært mykje og halvparten har blitt godtgjort med ekstra lønn. Sjølv om leiarar ikkje har same vernet i arbeidsmiljølova som andre, er det likevel relevant for arbeidsgjevar å sjå nærare på dette omfanget. I protokollen går det fram at målet om ei innsparing på 8 millionar kroner er nådd. Det går ikkje fram om dette er dokumentert. Vidare føreset ein at det ligg føre timelister for den ekstra arbeidstida som er godtgjort.

I tillegg til dei formalitetane som er nemnt ovanfor er det verdt å merke seg vedtak i PS 13/6 Politisk forhandlingsutval – ei presisering 2013. Vedtaket er ei presisering knytt til delegeringsreglementet i kommunen.

Vedtaket lyder slik:

1. *Alle medlemmer av formannskapet, også kommunalt tilsette, er medlemmer av det politiske forhandlingsutvalet.*
2. *Reglement for delegering vert sendt kommunestyret for å rette opp uklare formuleringar under pkt. 1.2 Delegering i personalsaker, «formannskapet eller det utvalet som ordførar oppnemner...»*
3. *Formannskapet delegerer mynde til å føre lønnsforhandlingar for 2012 med rådmann til eit utval av 3 frå formannskapet slik at alle parti vert representert.*
4. *Resultatet av forhandlinga skal leggst fram for formannskapet til orientering.*

I kommunens delegeringsreglement frå 2012 går det mellom anna fram av pkt. 1.2:

Formannskapet eller det utvalet som ordførar oppnemner, gjennomfører lønssamtalar/lønnsforhandlingar og godkjenner protokoll for rådmannen og assisterande rådmann.

Vedtaket i PS 13/6 pkt. viser nettopp til dette. Dersom kommunestyret ikkje har fått seg førelagt denne presiseringa av delegeringsreglementet er dette manglande oppfølging av formannskapet sitt vedtak.

Oppsummering.

Utbetaling av overtidsgodtgjersle til rådmannen tilsvarande 2 månadsløner er eit avvik frå Hovudtariffavtalen. Sandøy kommune er medlem av KS som har framforhandla denne og det bør krevje ekstra varsend å gå utover desse rammene. Denne overtidsbetalinga går heller ikkje fram som ei innført ordning i leiaravtalen eller i protokoll, forhandlingar leiaravtale 2013.

Det er god grunn til å meine at å gå utover rammene i avtaleverket er ei sak av prinsipiell, vesentleg og overordna karakter som ikkje er kurant, jf. også Sandøy kommune sitt delegeringsreglement. Å innføre ei ny avlønnsform som tidlegare ikkje har vore praktisert kjem i same kategori. Ordninga vil også kunne skape presidens for dei andre leiarane i kommunen. Det er god grunn til å meine at avgjersle i slike saker kan ikkje delegerast og avgjerd må gjerast av kommunestyret sjølv.

På bakgrunn av ovannemnde forhold er det naturleg at kommunestyret tek stilling til om avtalen skal godkjennast.

Harald Rogne
dagleg leiar

Protokoll for medarbeidarsamtale for Rådmann – Ann-Heidi P. Orvik

Forhandlingsutvalet

Harøy 27.05.2014

Eva Kristin Fjørtoft
Sigmund Haugen
Ordfører - Hans Endre Sæterøy

Mål for inneverande periode:

1. Redusere drifta i økonomiplanperioden tilsvarande bortfall av 8 mill mot 2013 budsjett
Målet er nådd for perioden
2. Gjere dette utan å ta opp eigedomsskatt som tema
Målet er nådd for perioden
3. Innføre og gjere bruk av internkontrollsystem i alle deler av verksamheita.
Målet er delvis nådd, men det må jobbast vidare med dette, for at internkontrollsystema blir integrert godt i alle einingane

Vedtekne mål for 2014:

1. Vidare tilpassing av drift gitt mål for PSP prosess i 2013
2. Fortsett fokus på internkontroll, og standardisering av tenester innanfor gjeldande kvalitetsstrategi
3. Digitalisering av tenester i tråd med ein eKommune strategi for Sandøy og eKommune Sunnmøre. Vidare målsetting om å finne og utnytte dei tekniske fordelane som kjem framover, til det beste for drifta i vår organisasjon.
4. Prioritere å få gjennomføre medarbeidarsamtaler i heile organisasjonen, slik at dette kan bli ein godt tryggleik for medarbeidarane framover

Avtalt lønnsstigning for 2014

I følge lønnsavtalen mellom rådmann og kommunen, skal lønnsminimum for resultat i tariffoppgjøret i KS-området, justeres fra 1.mai hvert år. I år ble dette resultatet 3,3 %, og rådmannen skal derfor lønnsjusteres med dette fra 1.mai 2014


Økonomisk kompensasjon for meirarbeid i perioden 01.08.2013 – 01.05.2014:

Ved oppstart av stillinga som rådmann, vart det ikkje tatt høgde for at det vart ein del vakanse i administrasjonen i perioden. Dette har medført stor slitasje og eit stort forbruk av ekstra timeverk for rådmannen. Arbeidsmengda har i denne perioden kravd eit meirarbeid tilsvarande 4 mnd i ekstra arbeidstid.


Det utbetalast derfor ein kompensasjon for ekstra arbeidsbyrde utover forventa arbeidsmengde for stillinga – tilsvarande 2 mnd. ordinerlønn for denne perioden.

Det er i ettertida forventa at arbeidsmengda må kome ned på eit meir akseptabelt nivå.
For framtida bør slik kompensasjon avtalast på førehand og ikkje i ettertid om dette er mulig å
avdekke.


Ordfører/Utvalsmedlem


Hans Endre Sæterøy


Utvalsmedlem


Eva Kristin Fjørtoft

Utvalsmedlem


Sigmund Haugen

Rådmann


Ann-Heidi P. Orvik

PROTOKOLL

FORHANDLINGAR LEIARAVTALE 2013

Det vart halde drøftings-/forhandlingsmøte 10.05.2013 på Sandøy rådhus mellom Sandøy kommune og påtroppande rådmann Ann-Heidi Paulsen Orvik. Lønsvilkår og dato for oppstart i stilling vert regulert av tilsetjingsbrevet.

Heimel for forhandlingane er den signerte leiaravtalen og enkelte bestemningar i den. For ettertida vil leiaravtalen bli gjenstand for revisjon/forhandling i samband med årsleg lønsforhandlingar for rådmannen med heimel i HTA kap. 3.4.1.

Til stades:

Sandøy kommune:

Hans Endre Sæterøy
Eva Fjørtoft
Sigmund Haugen

Arbeidstakar:

Ann-Heidi Paulsen Orvik

Punkt i leiaravtale som er til forhandling ved dette høve:

1.2 Ytingar

Lønsvikling:

Grunnløn ved tilsetjing går fram av tilsetjingsbrevet. Vidare lønsvikling skal skje å trå med lønsviklinga i KS-området for HTA kap. 3.4.1.

Ytingar utover vanleg fastløn, som:

- Utvida feriefritid
 - inntil 10 dagar som kompensasjon for ubekvem arbeidstid.
- Heimekontorordning
 - det vert lagt til rette med internett- tilgang og oppkopling mot kommunen sitt datanettverk. Anna naudsynt datautstyr vert stilt til disposisjon av kommunen.
- Telefonavtale
 - fri mobiltelefon etter behov, og i trå med gjeldande ordning for Sandøy kommune.

2.5 Drøftingar ved evt. konflikt eller usemje.

Partane er gjensidig forplikta til å møtast ved evt. konfliktar eller usemje som vedkjem samarbeidsklima og/eller rådmannen sine arbeidsvilkår.


3. Personleg utviklingsplan m.v.

Personleg utviklingsplan vil etter samtalar verte sikra i eigen/felles protokoll.


I tillegg til dei konkrete resultatmåla for Sandøy kommune (jfr. ovanfor), gjeld følgjande for rådmannens personlege utvikling som leiar:

- Rådmannen skal løpande syte for tilstrekkeleg leiingsfagleg påfyll for seg sjølv og kommunen sine øvrige leiarar. Kommunen dekkjer kostnadene i denne samanheng og gir nødvendig permisjon.


Sandøy kommune:


Hans Endre Sæterøy


Eva Fjærtøft


Sigmund Haugen

Arbeidstakar:


Ann-Heidi Paulsen Orvik



Sandøy kommune
6487 Harøy

TILSETJINGSBREV

1. *PERSONALIA*

Harøy 10.05.13

Namn : Ann-Heidi Paulsen Orvik

Adresse : Tangen, 6475 Midsund

Fødselsnr. : 04.08.1971

Har inngått følgende arbeidsavtale med Sandøy kommune.

2. *HEIMEL*

Arbeidsavtalen vert inngått med heimel i vedtak i 13/14 i Sandøy kommunestyre 24.04.2013, saksnr. Ephorte 2013/33.

3. *STILLINGSBESKRIVING*

Stilling : Rådmann

St. kode : 9450

Stillingsstorleik : 100%

HTA kap. plassering : 3.4.1

Forholdet : Fast tilsetjing.

Oppstart i arbeid : 01.08.2013

Arbeidsstad for tida : Sandøy kommune.

Arbeidstakaren vert tilsett i Sandøy kommune og ikkje på den enkelte tenestestad. Dette inneber at arbeidstakaren må finne seg i endringar m.o.t. arbeidsområde, arbeidsstad og eventuell instruks når dette er sakleg grunngeve.

4. *LØNN*

Lønn og anna godtgjersle ved tiltreding i stillinga i h.h.t. gjeldande leiaravtale.

Årslønn heil stilling : kr 780.000,-.

Lønn vert utbetalt innan den 12. kvar månad.

Ved feil utbetalt lønn kan lønnsutbetalar foreta naudsynte justeringar neste lønningdag.

5. **LEIARAVTALE**

Leiaravtalen er ein individuell avtale mellom partane som regulerar forhold som andre ytingar enn løn, i tillegg til særkilte krav og forventningar som ligg til denne stillinga. Leiaravtalen kan bli reforhandla i samband med ordinære årlege lønsforhandlingar for rådmannen i h.h.t. HTA kap. 3.4.1, når nokon av partane ber om det.

6. **ARBEIDSFORHOLDET**

Arbeidsforholdet vert regulert av Hovudavtalen, Hovudtariffavtalen og sentrale tariffavtalar som er inngått i den kommunale sektor, og i tillegg til lokal individuell leiaravtale.

7. **PRØVETID**

Tilsetjinga skjer med 6 mnd. prøvetid for nytilsette. For begge partar gjeld ei oppseiingstid på 14 dagar i prøvetida.


8. **OPPSEIINGSFRIST**

Etter at prøvetida er slutt gjeld det ein gjensidig oppseiingsfrist som fastsett i Hovudtariffavtalen § 3 og arbeidsmiljølova § 15-3.

9. **FERIE**

Ferie utover lovfesta feriefritid vert regulert av leiaravtalen. Feriepengar vert berekna i h.h.t. ferielova og Hovudtariffavtalen.

Skriftleg melding om at De tek stillinga og når De kan byrje ber vi vert sendt i retur innan Arbeidstakar beheld sjølv eit eksemplar av tilsetjingsbrevet.


Hans Endre Sæterøy
ordførar

Eg stadfestar at eg tek stilling på ovannemnde vilkår, og kan byrje den 18.2013


Underskrift

NB! Gi opp lønnskto.nr.: 3938.10.11147

Leiaravtale mellom Sandøy kommune og rådmann Ann-Heidi Paulsen Orvik

1. Avtalen

1.1 Generelt

Leiaravtalen er eit tillegg til arbeidsavtalen og vert inngått innanfor rammene til HTA og HA.

1.2 Ytingar

Leiaravtalen regulerer ytingar utover vanleg fastløn, som:

- Utvida feriefritid
- Heimekontorordning
- Telefonavtale

Desse ytingane vert forhandla og sikra i eigen/felles protokoll.

1.3 Andre forhold regulert av avtalen

Leiaravtalen regulerer også spesielle tilhøve mellom rådmannen og politisk leiing.

- Gjensidige forventningar.
- Konkretiserte resultatkrav/forventningar.
- Prosedyrar for definering av resultatkrav /forventningar og resultatvurderingar.
- Prosedyrar for drøfting av manglande samsvar mellom krav/forventningar og innfridde resultat.

Desse forholda vert forhandla og sikra i eigen/felles protokoll.

2. Krav og forventningar til rådmannen

2.1 Ansvar

Rådmannen er:

- Øvste administrative leiar (formelt ansvar).
- Leiar og overordna for dei som er definert med rapporteringsansvar til seg.
- Ansvarleg for ein effektiv organisasjon med eit godt arbeidsmiljø (organisasjonsansvar).

- Ansvarleg for å få utført dei arbeidsoppgåver kommunen har, slik dei går fram av kommunen sine organisasjons-, plan- og styringsdokument (resultatansvar).
- Ansvarleg for ein effektiv bruk og forvaltning av tildelte økonomiske ressursar i høve til budsjett og økonomireglement (økonomiansvar).
- Ansvarleg for brukar- og serviceorientert utvikling av kommunen sine tenester (serviceansvar).

2.2 Forventningar til leiaråttferd

Rådmannen skal:

- Opptre på ein lojal måte i høve til kommunen og dei folkevalde organ.
- Opptre profesjonelt og fagleg.
- Opptre med respekt i høve til folkevalde og klarar å oppfatte og vidareutvikle dei vedtaka og signal som vert gitt.
- Klare å skape tillit internt i organisasjonen samtidig som nødvendige organisasjonsmessige utviklingstiltak vert gjennomførte.
- Ha fokus på at innbyggjarane er kommunen sine "kundar" og at dei folkevalde er "oppdragsgivarar".
- Syte for at kommunen si sakshandsaming tilfredsstillar lover og forskrifter samt politisk leiing sine behov for informasjon.

2.3 Initiativplikt

Rådmannen skal:

Til ei kvar tid ha rett og plikt til overfor kommunestyret å ta initiativ med omsyn til:

- Tilhøve som er viktig for kommunen sin økonomi
- Tilhøve som er viktige for utvikling av Sandøy som lokalsamfunn
- Samarbeid over kommune- og fylkesgrenser
- Samarbeid med andre offentlege organisasjonar/-etatar
- Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar i kommunen

Sjå til at dei initiativ som vert tekne skjer i samspel med politisk leiing.

2.4 Evaluering av resultatoppnåing

Rådmannen og ordføraren skal minst ein gong per år (mars/april) gjennomføre ein samtale med vekt på evaluering av resultat og andre tilhøve (mål- og medarbeidarsamtale). Samtalane vert knytt til gjennomgang av rådmannen sin leiaravtale.

I etterkant av samtalen mellom rådmannen og ordførar vert det gjennomført ein samtale mellom rådmann og forhandlingsutvalet. Denne samtalen skal avklare forventningar og resultatvurdering.

Resultat av desse samtalanane vert sikra i eigen/felles protokoll.

2.5 Droftingar ved evt. konflikt eller usemje

Resultat av desse samtalanane vert sikra i eigen protokoll.


3. Personleg utviklingsplan m.v.


Personleg utviklingsplan vil etter samtalar verte sikra i eigen/felles protokoll.

4. Spesielle mål for inneverande år

Spesielle mål for inneverande år vil etter samtalar verte sikra i eigen/felles protokoll.

Harøy 10.05.2013


Rådmann


Ordførar